

Notat

Dato: 08.02.2017

Val av tilsettere representantar til styret 2017

Går til: Styremedlem
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 08.02. 2017
Frå: Administrerande direktør
Sakhandsamar: Ole P. Espeland
Saka gjeld: Val av styremedlem valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Fonna HF

Administrerande direktør si orientering punkt 4

Styresak 13/17

Styremøte 07.03.17

Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Fonna

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Fonna i møte den 27. okt. 2016, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Laura-Lill Haavik

Nestleiar: Ole P. Espeland

Medlem: Ida Sofie Helgesen

Valstyret har fastsett valdagen til den 14. februar 2017. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i

samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval blei sett til 3. januar 2017. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Den norske legeförening, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund.

Frist for å komme med valliste var 24. januar 2017. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Den norske legeförening og Norsk Sykepleierforbund.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat :

Styremedlemmer :

Tove Martha Hovda Callaghan Operasjonssjukepleiar Hgsd. sjukehus - Foretakstillitsvald NSF.

Pål Midbøe Ambulansepersonell ved Karmøy ambulansestasjon –tillitsvald i Fagforbundet

Helge Espelid Overlege kirurgisk avd., Hgsd. sjukehus - DNLF

Nina Budal Sjukepleiar barne avd. Hgsd. sjukehus - HTV NSF

Vararepresentanter:

Laura Lill Haavik Helsesekretær LMB Hgsd. sjukehus - Foretakstillitsvald Fagforbundet.

Åse Berit Rolland Spesialsjukepleiar ved Haugaland DPS – HTV NSF

Harald Nes Overlege ved radiologisk seksjon Hgsd. sjukehus - DNLF

Wenche Lie Spes. hjelpepleiar ved Valen sjukehus – HTV Fagforbundet

Valborg Sekse Operasjonssjukepleiar ved Odda sjukehus – tillitsvald NSF

Bjørn Gunnar Nedrebø Overlege med. Klinikk Hgsd. sjukehus - DNLF

Funksjonstida er to år. Ny periode startar i mars 2017, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa. Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg

Protokoll

PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I HELSE FONNA

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Fonna i møte den 27. oktober 2016, og har hatt følgjande samansetning:

- leiar: Laura Lill Haavik
- nestleiar: Ole Petter Espeland
- medlem: Ida Sofie Helgesen

Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunnngjeringar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 14. februar 2017
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 3. januar 2017
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 24. januar 2017
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: www.helse-vest.no

Kunnngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse xxx er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 3. januar 2017 frå Den norske legeförening, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund, jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunnngjering om forholdstalsval i Helse xxx er utført elektronisk innan fastsette fristar.

Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. **Tove Martha Callaghan, NSF**
2. **Pål Midbøe, Fagforbundet**
3. **Helge Espelid, DNLF**
4. **Nina Budal, NSF**

Varamedlemmar:

5. **Laura Lill Haavik, Fagforbundet**
6. **Åse Berit Rolland, NSF**
7. **Harald Nes, DNLF**
8. **Wenche Lie, Fagforbundet**
9. **Valborg Sekse, NSF**
10. **Bjørn Nedrebø, DNLF**

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er forslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2017, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Helse Fonna ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Helse Fonna sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for heile prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 1. februar 2017

Laura Lill Haavik


Leiar

Ole Petter Espeland


Nestleiar

Ida Sofie Helgesen

Ida Sofie Helgesen

Medlem